



Leknes brygge A/S  
Kvassnesvegen 32  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/496 - 16/4927

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
23.02.2016

## Deling av grunneigedom. Friareal - Gbnr 195/10 Leiknes.

Eigedom: Gnr.195 bnr.10 Leiknes  
Adresse: 5915 Hjelmås  
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til friareal.  
Heimelshavar: Leknes brygge.  
Søker: leknes brygge v/Kåre Romarheim

### Saka gjeld:

Tiltaket ligg i Storneset bustadfelt. Det er søkt om å få dele frå om lag 1600m<sup>2</sup> areal til veg og 964m<sup>2</sup> areal til friareal. Arealet skal overdragast til kommunen og er del av fellesareala i feltet.

Vegparsellen er alt delt frå. Dette vart det gjeve løyve til i sak 15/1192 der vegparsellen er omtala som parsell A.

No er det difor berre løyvet til å dele frå parsellen til friareal det gjeld. Dette arealet vart gløymt i sak 15/1192 og vert teke opp her.

### Planstatus/dispensasjonar:

Tiltaket er i samsvar med gjeldane plan.

### Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Det gjeld 964m<sup>2</sup> grunn til friareal. Spørsmål knytt til veg, vatn og avløp er ikkje aktuelle.

### Nabovarsel:

Er ikkje sendt og er ikkje aktuelt.

### VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) vert det gjeve løyve til å dele frå 964m<sup>2</sup> areal til leikeplass frå gnr.195 bnr.10 slik det er søkt om.

Deling er i samsvar med plan, arealet skal nyttast til friareal.

### Grunngjeving for vedtaket:



«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med pbl, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan. Det vert delt frå ein parsell frå gnr.195 bnr.10 til friareal.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

**Gebyr:**

Gebyr vert sendt ut i samsvar med gebyrregulativet gjeldande for 2016:  
Deling i samsvar med godkjend reguleringsplan kr.4000,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i samarbeid med Geodataavdelinga, i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak, og partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om vedtaket. Jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Leknes brygge A/S

Kvassnesvegen 32 5914

ISDALSTØ